



## FORTELJINGAR FRÅ AURLANDSDALEN



Dette vakre og ville dalføret med tilhøyrande høg fjell har i uminnelege tider hatt stor verdi. Aurlandsdalen frå Aurland til Hol er ein av dei gamle ferdseisvegane mellom Vestlandet og Austlandet. Den vart brukt som gardsveg, stølsveg, drifteveg og seinare som turveg.



### BUSETNAD:

Så seint som i år 1850 var det til saman 8 gardsbruk og fleire husmannsplassar i Aurlandsdalen – Almen, Sinjarheim, Teigen, Berekvam, Skorsgarden, Buflåten, to bruk på Nesbø, Vikjanaset, Vikji og opp til fire bruk på Østerbø. Familiane på fjellgardane levde for det meste av fedrift, litt åkerbruk og reinsjakt. Dei var avhengige av ressursane i fjellet. Amerikafeberer greip fjellfolki og i dag er alle gardar fråflytta.

Langs den historiske vandrerruta finn du nokre informasjonstavler. Sjå også <https://lokalhistoriewiki.no/wiki/Aurlandsdalen>



### DYRELIV:

I høg fjellområda var og er det verdifulle jaktfelt for villrein og i vassdraga er det aure. I dei skogkledde liene har talet på hjort auka mykje i nyare tid. Av andre dyr kan ein nemne jerv, rev, mår, røysekatt, mink og oter. Her finn ein og husdyr som sau og geit. Av fuglearter som hekkar i dalen er kongeørnen størst, men ein kan og nemna tårnfalk og lauvsongar.

### PLANTELIV:

Bergarter og lokalt klima gjer dalen rik på planteartar. Nedst finn ein varmekrevjande skog som alm og ask, oreskogen går gjerne opp mot 800 moh der bjørkeskogen dominerer. Bergfrua pyntar bergveggene i heile dalen. Døme på nyttevekstar; bergmynte, rosenrot og blåbær.

### TURTIPS FRÅ KJENTFOLK:

- Godt å ha med seg: rikeleg med mat, drikkeflaske, regnklede, stav for dei som har dårlege kne, kart og kompass.
- Ha på deg gode sko, stien kan vere både blaut og sleip, og ein må krysse nokre små elvar.
- Ta med deg avfall: flasker, toalettpapir og emballasjar reknast som avfall.
- Det er lurt å kvile godt og strekke musklane på Sinjarheim før ein byrjar den kraftige nedstiginga.
- Ver merksam på at delar av dalen er utan mobildekning, særleg frå Vetlahelvetet til Vassbygdi.
- Ta omsyn til ville dyr og beitande husdyr:
  - Hundar skal alltid haldast i band i perioden 1. April til 1. November.
  - Lat att grindane, det skapar store problem med beitedyr dersom dei slepp igjennom.
- Turskildringa finn du på [www.ut.no](http://www.ut.no)



### DRIFTEHANDEL OG FERDSEL:

Vegen var viktig for å knyta saman stølane og gardane. Etter kvart vart også husdyr drive opp Aurlandsdalen til saftige beiteområde på fjellet. Om hausten vart dyra drive ned til Austlandet der dei vart selde. Fleire område oppover Aurlandsdalen var brukte som kvileplassar, gjerne kalla "Frivoll". Det tok om lag 14 dagar å driva bufe frå fjellet til Drammen.

Seinare var vegen viktig for kløvjing av forsyningar til stølane og overnattingstadene på Østerbø og i Stemmerdalen. Det kom bilveg 1974.

## HISTORISK VANDRERUTE AURLANDSDALEN

### VASSBYGDI - ØSTERBØ

**LENGDE:** 18 km

**VARIGHEIT:** om lag 5-8 timer

**GRADERING:** krevjande (raud)

**SESONG:** juni, juli, august, september

**SAMARBEID:** DNT Oslo og omegn, Venner av Aurlandsdalen og Nærøyfjorden Verdsarvpark

- 1 NESBØGALDEN: Da Asta og Henning H. Tønsberg besøkte Aurlandsdalen rundt 1910 var det lettare å gå tregalden enn over fjellet via Myrane mellom Østerbø og Nesbø.
- 2 SKÅRI: Sommaren 1955 var varm og det var godt å vera på Skåri både vår- og haust. Det var reine ferien for skuleungane å vera til støls og koma seg vekk frå kvardagen i bygda sjølv om stølslivet var krevjande arbeid.
- 3 SINJARHEIM: Frodigheita synes ikkje att berre i vegetasjonen i dalen. Når familien på Sinjarheim flytta ned til bygdi var dei 15 personar til saman. Kjærleiken til garden vart ikkje borte og den vart nytta som støl. I dag driv SJH støl der og Sinjarheim er ein spesiell stad for mange.
- 4 VED NESBØ: Johannes Midje var ein av dei som kløvja uhorveleg mange gonger med kløvhest til og frå turisthyttene. Kvar tivesja, kvart vad, kvar varde, kvar bru, kvar rasteplass oppover dalen kjende han som si eiga bukselomme.

### Naudtelefonar

Ambulanse : 113  
Brann : 110  
Politi : 112

### Transport

[www.entur.no](http://www.entur.no)  
[www.norwaysbest.com/  
no/ting-a-gjore/bussruter](http://www.norwaysbest.com/no/ting-a-gjore/bussruter)

Taxi: +47 411 10 806


### Fiske

Kjøp av fiskekort skjer på  
hyttene eller på  
[www.inatur.no](http://www.inatur.no)



Turistinformasjon  
tlf: + 47 913 51 247  
[www.sognefjord.no](http://www.sognefjord.no)





- Frivoldi**: eller "Frivoll" Var kvileplassar for driftkarane med feet sitt på vegen fram gjennom dalen. Andre stader dei brukte var Heimrebø, Vikji, Håbergsholene og Stemmerdalen.
- Konnshedleren**: Ved einiskilde høve har vore brukt til lagringsplass for korn.
- Kjerring-uri**: Segn fortel at ein av eigarane av garden Almen kvitta seg med nokon av konene sine i denne uri.
- Almen**: Mindre gårdsbruk, busett fram til 1890. Seinare brukt som støl.
- Kaldaholet**: Eit kaldaholer eit hol i fjell eller ur, som heldt den same kjølege temperaturen året rundt.
- Sinjarheimsgalden**: Veg utsprengd i fjellet år 1863.
- Sinjarheim**: Garden var i aktiv bruk fram til 1921. Fram til 1964 vart garden nytta som støl og slåttemark. 1992 tok Sogn jord- og hagebruksskule opp stølsdrift igjen der.
- Svinasletti**: Tivesja. Tivesja er eit lokalt namn på ei vasskjeide som aldri frys. Var kvileplass for driftkarane med feet sitt på vegen fram gjennom dalen.
- Teigen**: Busett fram til 1897, då flytta familien til Sinjarheim, seinare brukt som støl.
- Storemuren**: Muren og utsprenging av fjellet ovanfor gav veg langs elvi.
- Skorsgarden**: Busett fram til 1789.
- Søtavatnet**: Tivesja, vasskjeide som aldri frys.
- Eugenhelleren**: Det har levd på folkemunne at her kunne ein i regntunge haustkveidar møta ein mann som bar hovudet under armen.
- Vetlahelvetete**: Jettegryte med ei tjørn som det er knytt mange myter til.
- Grunnlaushelleren**: Like ved den helleren sto Likbjørki, som hadde namnet sitt frå den tidi dei måtte hengja opp lik der om natti til vern mot rovdyr under den vanskelege transporten til kyrkjegarden på Aurlandsvangen.

- Berekvamsbrennevinet**: Tivesja, ei vasskjeide som aldri frys.
- Berekvamsbrui**: Veg vidare til bilveg i Berdalen.
- Berekvam**: Garden der Huldra bur. Busett fram til 1854.
- Heimrebø**: Eldre buplass. Mykje nytta som kvile- og overnattingsplass for driftfeet.
- Holmaberget**: Vegen vart utsprengt år 1952 for å gjera kløvtransporten lettare.
- Søndreli**: Før vegen kom i Holmaberget, gjekk ferdslsvegen om stølen Holmen og ned til Heimrebø eller vidare til Bjønnstigen.
- "Grimevodlen"**: Var kvileplass for driftkarane med feet sitt på vegen fram gjennom dalen.
- Bjønnstigvarden**: Kunstmålaren Johannes Flintoe gjorde varden landskjent då han på si ferd gjennom dalen i år 1819 måla "Utsikt frå Bjønnstigvarden". Dette målarstykke heng no i Nasjonalgalleriet i Oslo.
- Dalarsteigen**: Namnet fortel at det vart betalt ein dalar for arbeidet med slåtten av denne teigen.
- Bjødnahola**: Det vert fortalt at her var det siste bjørnefallet i dalen.
- Nesbø**: Busett fram til 1911.
- Nesbøgalden**: Veg utsprengt i fjellsida i 1930 åri. Tidlegare kunne folk ferdast på tregald og i "Nesbøstigen".
- Vikji**: Gammel gard med husmannsplassen Vikjaneset. I 1882 dro familien til Amerika. Ved Vikji var det og ein frivoll avgrensa av murar.
- Østerbø (Aurdalen)**: Her var fleire gårdsbruk. Busett fram til 1906. Her hadde fjellfolket sin eigen kyrkjegard, dette vitnar om kor lang og vanskeleg vegen var heim til bygdj og kyrkja.
- Stemmerdalen**: Var féleger og driftkarane sitt rike gjennom uminnelege tider. Bøndene hadde beiterrett. Framleis står det att fleire steinbuer og sel.

- Serverdighet
- Utsikspunkt
- Parkering
- Togstasjon
- Busshaldeplass

- Betjent turisthytta
- Selvbetjent turisthytta
- Tilrettelagt camping
- Enkel servering
- Utedo

- Nedlagt gard
- Nedlagt støl
- Husmannsplass
- Historisk vandrerrute
- Andre merka turløyper
- Gamle sidevegar og stølsvegar
- Nasjonalt park
- Bilveg

